





**KONTROLLUTVALET I VÅGÅ****MØTEBOK - PROTOKOLL**

Møtestad Vågå kommunehus		Møtedato: 12. mai 2020		Frå kl. 1100	Til kl. 14:00
Møteleiar:	Svein Holen				
Møteinncalling: (kunngjering)	Innkalling av 4. mai 2020.				
Representantar som er borte:					
Vararepr. som er tilstades:					
Til stades:	I alt: 4	Av desse ordinære medl.: 3			
Merknad:	Ingen merknad.				
Andre frammøtte:	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka				
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 07/2020 og sak 09/2020 - 12/2020				
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.				
Underskrifter:	 Svein Holen  Tor-Ivar Furuset  Kjersti Aasvang Dalen  Kirsti Vassdøkken				

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

**KONTROLLUTVALET I VÅGÅ****MØTEBOK - PROTOKOLL**

Møtestad Vågå kommunehus		Møtedato: 12. mai 2020		Frå kl. 1100	Til kl. 14:00
Møteleiar:	Svein Holen				
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 4. mai 2020.				
Representantar som er borte:	Lene Marit Flatum Ole Damstuen				
Vararepr. som er tilstades:	Kirsti Vassdokken				
Til stades:	I alt: 4	Av desse ordinære medl.: 3			
Merknad:	Ingen merknad.				
Andre frammøtte:	Frå administrasjonen: Frank Roger Vangen Jan Egil Fossmo Revisor Anne Hesthagen Ordførar Harald Sve Bjørndal Sekretær Morten Sørhage førte møteboka				
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 07/2020 og sak 09/2020 - 12/2020				
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.				
Underskrifter:	Svein Holen Tor-Ivar Furuset Kjersti Aasvang Dalen Kirsti Vassdokken				

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til innkalling og saksliste.

Utvalet hadde fått oversendt eit varsel om sakshandsaming av vegfond for vurdering i arbeidsmøtet.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		12. mars 2020	Kontrollutvalet	07/2020

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

I arbeidsmøtet 5. februar 2020 drøfta kontrollutvalet forskjellige tema for vidare vurdering og orientering:

- Personvern ved auka digitalisering, som datasikring og GDPR
- Personvern i skulen ved auka bruk av IKT-hjelpemiddel
- Pasientsikkerheit helse/omsorg, t.d. ernæring og samstemming av medisinalister
- Varslingssystem og rutinar internt i organisasjonen og tiltak ved avvik
- Varslingssystem og rutinar ved varsling og klager frå publikum

Sekretær drøfta 3. mars framdrift av desse orienteringane med kommunedirektør, som stiller i møtet.

Handsaming:

Heile administrasjonen er opptekne med situasjonen omkring coronasmitten, slik at orienteringa blir utsett.

Kontrollutvalet gjekk gjennom tema for ynskjelege orienteringar. Utvalet fann ikkje grunn til å endre innhald i saka.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Samrøystes.

Handsaming 12.5.20:

Kontrollutvalet hadde motteke eit varsel for vurdering, som måtte prioriterast i møtet. I tillegg ville utvalet gå gjennom bestillingane om orienteringar i arbeidsmøtet.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Samrøystes



VÅGÅ KOMMUNE KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	12. mai 2020	Kontrollutvalet	09/2020

VÅGÅ KOMMUNES REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019

Vedlegg:

- Saksframlegg rekneskap og årsmelding 2019
- Revisors beretning om rekneskap og årsmelding for 2019
- Kundebrev 1/2019 Avslutning og behandling av årsregnskapet 2019
- Rekneskap 2019 m/vedlegg
- Økonomisk årsmelding 2019

Saksframlegg:

Etter § 7 (§ 3 i ny forskrift) skal kontrollutvalet gje uttale til kommunens årsrekneskap.

Rekneskapsansvarleg i Vågå har avlagt rekneskapen for Vågå kommune.

Kommunerevisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldande reglar. Revisor meiner at rekneskapen er i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal regnskapsskikk.

Rådmannens innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og økonomisk årsrapport for 2019.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2.614.354,15 blir disponert slik:
 - Kr 287.248,78 blir avsett til disposisjonsfond pensjon (2560004)
 - Kr. 2.000.000, - blir avsett til disposisjonsfond fiberlinje (2560074).
 - Kr. 327.105,37 blir avsett til disposisjonsfond kompetanseheving (2560034)
3. Investeringsrekneskapen blir avslutta i balanse.

Sekretær har ikkje kommentar til motteke materiale og vil rå kontrollutvalet til å gje slik

Uttale:

Til kommunestyret i Vågå kommune:

Vågå kontrollutval sin uttale til Vågå kommunes årsrekneskap for 2019

Kontrollutvalet gjekk i møte 12.05.2020 gjennom årsrekneskapen, der administrasjonen i Vågå kommune orienterte.

Driftsrekneskapen for Vågå kommune 2019 syner eit mindreforbruk på kr. 2 614 354.

Korrigert netto driftsresultat er positivt med kr. 2 165 830. Korrigert netto driftsresultat utgjer 0,6 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommunes handlingsregel er sett til eit resultat på 1,75 %. Tilhøvet syner at kommunen ikkje har nådd dette målet.

Disposisjonsfondet utgjer kr. 41 195 395 som er 11,7 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommune har ein handlingsregel på 12 %. I 2018 utgjorde fondet 10,1 % av driftsinntektene.

Utviklinga i fondet har vist ei positiv utvikling om det fortsatt er i underkant av handlingsregelen.

Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, utgjer kr. 196 120 110, som utgjer 55,9 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er sett til maksimalt 81 %. Utviklinga syner nedgang dei siste åra.

Arbeidskapitalen har i 2019 vorte redusert med kr. 1,7 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta, har vorte styrka med ca. kr. 6,7 mill. og viser nå eit positivt beløp på kr. 52,3 mill.

Kontrollutvalget har ikkje merknadar til Vågå kommunes årsregnskap eller rådmannens forslag til disposisjon for 2019.

Kontrollutvalet merkar seg det gode arbeidet administrasjonen har lagt ned, der ein viser god økonomisk styring. Sjølv om ikkje alle økonomiske mål er nådd, er utviklinga positiv andsynes desse. Arbeidet er synt gjennom ei oversiktleg og informativ økonomisk årsmelding. Elles har ikkje kontrollutvalet merknader utover det som er nemnt ovanfor.

Handsaming:

Kommunedirektøren uttrykte glede for kontrollen i økonomiavdelinga med arbeidet, og ga uttrykk for god dialog med revisor.

Økonomisjefen orienterte om årsrekneskapen med spesielt vekt på handlingsreglane.

Revisor orienterte om revisjonsprosessen.

Kontrollutvalet uttrykte stor tillit til arbeidet og kompetansen i administrasjonen og revisjonen.

Uttale:

Til kommunestyret i Vågå kommune:

Vågå kontrollutval sin uttale til Vågå kommunes årsrekneskap for 2019

Kontrollutvalet gjekk i møte 12.05.2020 gjennom årsrekneskapen, der administrasjonen i Vågå kommune orienterte.

Driftsrekneskapen for Vågå kommune 2019 syner eit mindreforbruk på kr. 2 614 354.

Korrigert netto driftsresultat er positivt med kr. 2 165 830. Korrigert netto driftsresultat utgjer 0,6 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommunes handlingsregel er sett til eit resultat på 1,75 %. Tilhøvet syner at kommunen ikkje har nådd dette målet.

Disposisjonsfondet utgjer kr. 41 195 395 som er 11,7 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommune har ein handlingsregel på 12 %. I 2018 utgjorde fondet 10,1 % av driftsinntektene.

Utviklinga i fondet har vist ei positiv utvikling om det fortsatt er i underkant av handlingsregelen.

Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, utgjer kr. 196 120 110, som utgjer 55,9 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er sett til maksimalt 81 %. Utviklinga syner nedgang dei siste åra.

Arbeidskapitalen har i 2019 vorte redusert med kr. 1,7 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta, har vorte styrka med ca. kr. 6,7 mill. og viser nå eit positivt beløp på kr. 52,3 mill.

Kontrollutvalget har ikkje merknadar til Vågå kommunes årsregnskap eller rådmannens forslag til disposisjon for 2019.

Kontrollutvalet merkar seg det gode arbeidet administrasjonen har lagt ned, der ein viser god økonomisk styring. Sjølv om ikkje alle økonomiske mål er nådd, er utviklinga positiv andsynes desse. Arbeidet er synt gjennom ei oversiktleg og informativ økonomisk årsmelding. Elles har ikkje kontrollutvalet merknader utover det som er nemnt ovanfor.

Samrøystes



VÅGÅ KOMMUNE KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	12. mai 2020	Kontrollutvalet	10/2020

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2019 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune
 Årsrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Ottadalen
 Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal

KONTROLLRAPPORT 2019 VEDR. SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FOR VÅGÅ KOMMUNE

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen.

I 2019 har Skatteetaten hatt kontroll på området skatterekneskap. Det har ikkje vore kontorkontroll. Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har internkontroll i samband med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 5,9 % av arbeidsgjevarane i Vågå kommune. Dette er over kravet frå Skattedirektoratet, som set kravet til 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune for 2019 til orientering.

Handsaming:

Utvalet kommenterte at restansar auka. Og var positive til samarbeidet innan etatane med tilsyn. Kommunedirektør informerte om utsett frist med statleggjering av tenesten.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune for 2019 til orientering.
 Samrøystes

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		12. mai 2020	Kontrollutvalet	11/2020

ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet drøftar aktuelle tema og framdrift i arbeidet.

Forslag til møtedatoar ut 2020:

24. september

1. desember

VARSEL

Kontrollutvalet hadde motteke eit varsel med påstand om at vegfond ikkje vert handsama i tråd med politiske vedtak.

Utvalsleiar orienterte om motteke materiell. Kommunedirektør orienterte frå administrasjonen, og ordførar frå politisk hald. Revisor oppklara faglege begrep.

Kontrollutvalet drøfta høve og saksgangen som var teke opp i varselet.

Kommunedirektør orienterte om at saka skulle leggjast fram for formannskapet 19.5.

Kontrollutvalet konkluderer med at den komande orienteringa i formannskapet gjev at saka ikkje bør behandlast i kontrollutvalet. Heile sakskomplekset har vore ein brei prosess, der det har vore gjort vedtak i kommunestyret.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek ikkje saka opp til behandling.

ARBEIDSPLAN

For vidare arbeid gjekk kontrollutvalet gjennom og modifiserte tema for orienteringar:

- Personvern ved auka digitalisering, som datasikring og GDPR. Orienteringa ynskjes spesifisert mot personvern i skulen ved auka bruk av IKT-hjelpemiddel
- Pasentsikkerheit helse/omsorg, t.d. ernæring og samstemming av medisinlister
- Varslingssystem og rutinar internt i organisasjonen og tiltak ved avvik

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar til forslaget til møtedagar hausten 2020.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek arbeidsplanen til orientering
- 2) Møtedatoar 2. halvår 2020
 - 24. september
 - 1. desember